

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe*

2024/1571-1

*Saksbehandlar*

Karen Løvfall Våge

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2024/87	Kommunestyret	20.06.2024

## Høyring - Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø

### Innstilling frå kommunedirektøren:

Det vert vedteke å senda saka til Riksantikvaren som høyringssvar på Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø.

Riksantikvaren har gjort eit godt og grundig arbeid med utkastet til bevaringsstrategi.

For at bevaringsstrategien skal verta til god praktisk nytte i det kommunale må det konkretisering til, i form av gode rettleiarar og tiltaksplanar.

For Kvinnherad kommune tenkjer vi då særskilt på verkemiddel som kan forenkla ny/endra bruk av landbruksbygningar.

### Kommunestyret si behandling i møte den 20.06.2024:

#### BEHANDLING:

Kommunedirektøren si innstilling vart einstemmig vedteken.

#### VEDTAK:

*Det vert vedteke å senda saka til Riksantikvaren som høyringssvar på Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø.*

*Riksantikvaren har gjort eit godt og grundig arbeid med utkastet til bevaringsstrategi.*

*For at bevaringsstrategien skal verta til god praktisk nytte i det kommunale må det konkretisering til, i form av gode rettleiarar og tiltaksplanar.*

*For Kvinnherad kommune tenkjer vi då særskilt på verkemiddel som kan forenkla ny/endra bruk av landbruksbygningar.*

## **Samandrag/Saka gjeld:**

Kvinnherad kommune har fått forslag til bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø på høyring.

I samsvar med Prop. 1S (2023-2024) har Riksantikvaren fått i oppdrag å utarbeida forslag til to bevaringsstrategiar i 2024, for kystens kulturmiljø og landbrukets kulturmiljø.

Bevaringsstrategiane skal bidra til å strukturera, samordna og organisera innsatsen slik at dei tre nasjonale måla vedteke i Meld. St. 16 (2019-2020) blir nådd, med særleg vekt på målet om å ta vare på eit mangfald av kulturmiljø.

Bevaringsstrategiane skal leggja til rette for at kulturminne, kulturmiljø og landskap blir bevart og brukt som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Bevaringsstrategiane skal synleggjera og utnytta kulturmiljøa si betydning for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Dette høyringssvaret vert på grunn av kort frist berre lagt fram for kommunestyret.

## **Saksutgreiing:**

I Kvinnherad har det vore jordbruksdrift lenge. Jordbrukskulen på Sandvik (1849-1862) var den første landbrukskulen i Hordaland. Seinare har flinke bønder som i generasjonar har vore med å utvikla det flotte kulturlandskapet og velstelte bygdene i kommunen vår. Dei er framoverlente og nyttar naturressursane til å utvikla næringa vidare.

I dette forslaget til bevaringsstrategi vert det peikt på ulike ressursar i landbruket sitt kulturmiljø som er utvikla over tid og som har potensiale til å vera ein ressurs i samfunnsutviklinga. Desse strategiane har som mål å synleggjera og utnytta kulturmiljøa si betydning for miljømessig, sosial og økonomisk berekraft.

Forslaget til bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø tek for seg 4 deltema og prioriteringar:

1. Bygningar i landbruket
2. Jordbrukslandskapet
3. Kulturmiljø i skogen
4. Kulturmiljø etter reindrift

### **Deltema**

Inndelinga i deltema kan verka noko smale og vi ønsker å nemna Bygningar i jordbruket, som kanskje kunne heitt **Bygningar og anlegg i jordbruket?** Det vil då famna om fleire funksjonar i jordbruket.

Kulturmiljø i skogen kunne kanskje heitt **Kulturmiljø**, slik at det kunne ha omfatta heile «årsaksrekka» i deltemaet og ikkje fare for fragmentering av kulturhistoria. Døme her kan vera båtbyggjarhistoria vår, med henting av tømmer, transport, tilvirking og bygging av båtar.

### **Avgrensing av strategien**

Avgrensingane under dei ulike deltema er gode og måla relevante. Dersom dei vert følgde opp med konkrete tiltak og aktivitetar i neste runde vil kommunane kunne nytta bevaringsstrategien i sitt arbeid med å ta vare på landbruket sitt kulturmiljø.

## **Utfordningsbiletet**

For Kvinnherad kommune er deltemaet om bygningar i jordbruksområdet sitt kulturlandskap viktig.

Bygningane visar att og er viktige element i landskapet i bygdene og når dei ikkje lengre er i bruk vil dei forfalla og trekkja ned inntrykket av aktiviteten i jordbruksområda.

I Kvinnherad er jordbruksområdet i god utvikling, med den følgje at det står mange tomme eldredriftsbygningar rundt i bygdene. Moderne driftsmåtar krev større bygningar og meir areal, noko som fører til at gamle driftsbygningar i dei større bygdene vert ståande tomme og at mindre og avsidesliggende bruk går heilt ut av drift.

For at den eldre bygningsmassen skal kunna nyttast i ei berekraftig samfunnsutvikling må grunneigarane ha interesse for å ta vare på bygningane, det må vera mogleg å få løyve til endring og det må vera økonomisk mogleg å endra bruken av bygningane.

Kulturmiljøet er svært viktig for ein reiselivskommune som Kvinnherad. Velstelte gardsbruk og spennande tilbod til dei besøkjande i kulturlandskapet i bygdene våre er etterspurd.

KULA-område (kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse) kan vera til hinder for næringsutvikling der det er interesse og marknad for det. Kanskje er det særskilt i sentrale KULA-område at det kan vera aktuelt med næringsutvikling i bygningar som står tomme. Rosendal kan vera eit døme her.

## **Bygningar i jordbruksområdet**

Det er eit godt resultat mål å få fleire bygningar i landbruksområdet bevart og i bruk, slik strategien føreslår.

Det er eit aktuelt tema kva desse tomme bygningane kan nyttast til innanfor regelverket vi har i dag. Næringsutvikling og tilleggsnæringer til gardsbruka er aktuelt når det gjeld gjenbruk av bygningar.

Det er mange vurderingar grunneigar må gjera når ein tenkjer utvikling av bygg som gjerne ligg sentralt på garden. Ein må ikkje bare tenkja på noverande eigalar, men konsekvensar for komande eigalar. Om ein likevel kjem til at det er ønske om å utvikla garden vidare med ny næring er det viktig å ha regelverk som kan gjera det mogleg.

Plan og bygningslova og «Garden som ressurs» legg i dag strenge føringar for kva som er mogleg å gjennomføra av endra bruk av landbruksbygningar. Det vanskeleg og nærmest umogleg å gje løyve til ulike bruksendringar slik regelverket er i dag. Det må slik det er no gjerast dispensasjonar frå ulike regelverk for å kunne endra bruk av landbruksbygningar.

Slik forslaget til strategi legg i dag verkar det å vera stor avstand mellom kva ein ser som mogleg utvikling/utnytting av bygningar og kva ein i realiteten etter lovar og reglar vil få løyve til. Det vil her vera trond for ei avstemming mellom lovar og reglar og dei måla som vert sett i bevaringsstrategien. Regelverksendringar må også sjå på framtidige eigalar si side.

Staten kan gjera ulike grep for lettare endra bruk av bygg, som til dømes økonomiske verkemiddel. Det kan vera konsulenthjelp til vurdering av potensiale, til prosjektering eller støtte til ombygging slik det etter det vi forstår vart gjort for td. pelsdyrfarmar.

## **Jordbrukslandskapet**

Auka kunnskap om kulturlandskapet og jordbrukshistoria og kulturminne i jordbrukslandskapet har stor verdi. Det same har redusert konflikt mellom jordbruksdrift og automatisk freda kulturminne. Dette er gode resultatmål i bevaringsstrategien.

Kvinnherad har flotte setermiljø som er restaurerte og i aktiv bruk, slik strategien peikar på. Døme på dette er Kjeldestøl i Rosendal (Sjå film på YouTube som heiter Stølar i Kvinnherad – minne på vandring) , Bjørndalssetra i Rosendal, Dyrrindo ved Utåker/Holmedal.

Det kan vera fleire slike stølsmiljø og truleg også gardsmiljø på mindre bruk som kan vera aktuelle for å bli omfatta av ordningar som har som mål å ta vare på heile kulturmiljø. Desse ordningane vil krevja at det er aktiv drift med beiting slik at landskapet vert halde i hevd med skjøtsel av beitedyr.

### **Kulturmiljø i skogen**

Å ha fokus på kunnskap om kulturminne i skogen og redusera konflikt mellom skogsdrift og automatisk freda kulturminne er eit godt resultatmål.

I Kvinnherad kommune har vi blant anna minne etter gruvedrift på Varaldsøy og hellebrot på Hatlestrand og Ølse. I Kommunedelplan for kulturmiljø (2021-2032) vert det trekt fram at skogsområda ved hellebrota bør få ein type vern som sikrar at ikkje skogsdrift eller annan aktivitet skiplar det spesielle landskapet.

### **Økonomisk berekraft:**

Det vil ikkje påverka kommunen sin økonomi direkte at bygningar og kulturlandskap vert halde i hevd, men mogleg auka næringsaktivitet i landbruksbygg kan gje høgare skatteinntekter til kommunen.

### **Miljø og klima berekraft:**

Gjenbruk av bygningar vil vera god nytting av ressursar.

### **Sosial berekraft:**

Dersom strategien fører til at jordbruket sitt kulturlandskap vert halde i hevd og teke i bruk som ein ressurs i samfunnet vil det skapa meir attraktive bygder, auka bulyst og levande bygder, noko som både kommunen og innbyggjarane vil nyta godt av.

### **Berekraftsmål nr 17 – om samarbeid**

Ikkje relevant i denne saka

### **Konklusjon**

Riksantikvaren har gjort eit godt og grundig arbeid med utkastet til bevaringsstrategi.

For at bevaringsstrategien skal verta til god praktisk nytte i det kommunale må det konkretisering til, i form av gode rettleiarar og tiltaksplanar.

For Kvinnherad kommune tenkjer vi då særskilt på verkemiddel som kan forenkla ny/endra bruk av landbruksbygningar.